

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	24.08.2006	089/06	ANT
Kommunestyret	31.08.2006	041/06	ANT

Avgjerslemynde: Kommunestyret	Arkiv: K2-S01	Arkivsaknr
Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft	Objekt:	2005000403

NY 300KV KRAFTLEIDNING - MONGSTAD - KOLLSNES

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.08.2005	BKK Nett A/S	Informasjon om planlagt tiltak
2	I	10.11.2005	BKK Nett A/S	Ny 300kv kraftledning - Mongstad - Kollsnes - Informasjonsmøte
3	I	17.11.2005	BKK Nett A/S	Forespørsel om møte med Radøy kommune
4	U	08.12.2005	BKK	Oppsummering etter møte 7. des 2005 om kraftledning mellom Mongstad og Kollsnes
5	I	09.06.2006	BKK Nett A/S	Høring av melding og invitasjon til møter
6	I	12.07.2006	BKK Nett A/S	Møtereferat 08.06.06
7	I	26.07.2006	Naturvernforbundet Hordaland	Klage på vedtak om gasskraftverk på Mongstad - kraftledning

Vedlegg i saka: Dok. nr. 5, 6, 7

Saksutgreiing:

Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) har mottatt melding om ein 300 kV kraftledning frå Kollsnes til Mongstad. Denne kraftleidninga vil også gå over Radøy. BKK AS har utarbeidd melding med forslag til utgreiingsprogram. Meldinga kan lesast på NVE sine internettsider www.nve.no/kraftledninger. Gjennom høyring av meldinga ynskjer NVE å få innspel til kva utgreiingar som bør gjennomførast før utarbeiding av konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegget. Det er tidlegare halde opne orienteringsmøte om desse planane. Frist for merknader er sett til 1.9.2006.

Radøy kommune har eit oppe og sårbart kystlandskap. Kraftledning i luft vert på grunn av topografien her synleg på lang avstand og vil gå i område med stor tettleik av rovfuglar som t.d. havørn og vil kunne råka desse bestandane hardt. Områda den planlagde lufttraséen ligg i er mykje brukt i rekreasjon og friluftssamanheng. Radøy kommune meiner at ein del utgreiingar som nemnd under, pkt. 1-3, må gjennomførast før utarbeiding av konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegget.

1. Statens vegvesen startar i desse dagar arbeidet med reguleringsplan for ny riksveg 565 over Radøy frå Soltveit i nord til Tolleshaug i sør med arm til kommunesenteret på Manger. Frå sjøen ved Straume legg ein jordkabelen langs eksisterande skogsveg og fram til Soltveit langs eksisterande riksveg. Radøy kommune meiner difor at det er naturleg å utgreia skikkeleg om det mogeleg å leggja ein eigen jordkabel langs den nye riksvegen og fram til Manger. Frå Manger kan kabelen leggjast i Nesvatnet og under Mangersfjorden til Kollsnes. Denne vegtraséen ligg inne i arealdelen i kommuneplanen til Radøy, godkjent 1. september 2005, samt i ein eigen kommunedelplan "Rv. 565 Tolleshaug-Soltveit med arm til Manger". Denne vart godkjent i kommunestyret i Radøy den 30.12.1996. I samband med reguleringsplanen kan ein få lagt inn trasèen for straumkabelen og klausulera denne. Det formelle reguleringsplanarbeidet vil Radøy kommune ta seg av. Ei fordeling av kostnader på mange aktørar her fører til ei rimelegare løysing for alle partar.

I samband med at ein legg sjøkabelen frå Manger og over Mangersfjorden til Kollsnes må ein vurdera å ta vekk luftspennet over Bognøystraumen. Dette vil føra til at større og høgare båtar kan koma seg inn til viktige industriområde i Radfjorden og Osterfjorden, og vert såleis eit samfunnsøkonomisk viktig tiltak.

2. Høyringane så langt syner at det er eit massivt krav om at heile traséen over Radøy må vera i jordkabel og i sjøkabel. Den kan liggja langs eksisterande vegar der dette let seg gjera slik BKK sitt alternativ 2 viser. Det bør utarbeidast ein eigen reguleringsplan på traséen uansett kor den vert lagt slik at den vert juridisk sikra gjennom ein vanleg reguleringsplanprosess. Radøy kommune ynskjer såleis at berre kabelalternativa jord/sjø eller berre sjø vert utgreidd og realisert då anna løysing er uakseptabelt i ei moderne tid der omsyn til miljø og landskap er viktig m.m. Vedlikehaldet vil vera mykje mindre på leidningar som går i kabel, og dermed vil ein og tryggje ei sikker levering av straum til industrien og private forbrukarar. Det med høg beredskap og trygg levering på grunn av kabelløysing må utgreiast nærare også samfunnsøkonomien her. I tillegg når ein veit at innbyggjarane i Radøy ynskjer ei kabelløysing, så vil det truleg verta ei heller rimeleg løysing med kabel over Radøy då alle vil vera løysingsorienterte og ikkje setja urimelege krav til utbyggjar. Alternativ 2 som går over LNF-område langs eksisterande vegar, vil såleis på grunn av topografi, jordtilhøve og grunneigarar vera rimeleg å byggja ut og teknisk lett å få til. Dette tilhøvet må utgreiast skikkeleg gjennom ein reguleringsplanprosess.

3. Det må utgreiast skikkeleg kva samfunnskostnadene og ulempene vert for naturen, miljøet, friluftslivet, biologisk mangfald, folkehelsa, skogbruket, jordbruket, reiselivet, arealbruken framover og næringslivet elles viss ein veljer eit luftspenn over Radøy med dei uheldige miljø-, bruks-, og landskapskonsekvensane dette vil få. Alternativ 1 går ved eit A område som har ein naturtype med særleg viktig biologisk mangfald nasjonalt. Store område i Radøy kommune vert klausulert ved eit luftspenn her.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For å få ein så samfunnsnyttig optimal utbygging av ei straumforsyning frå Mongstad til Kollsnes over Radøy, ber Radøy kommune om at ovannemnde alternativ vert grundig utgreidd. Radøy kommune ser det som einaste og beste løysing samfunnsøkonomisk og miljømessig, at heile krafttraséen over Radøy vert lagt som jord-/sjøkabel.

24.08.2006 FORMANNSKAPET

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS-089/06 VEDTAK:

For å få ein så samfunnsnyttig optimal utbygging av ei straumforsyning frå Mongstad til Kollsnes over Radøy, ber Radøy kommune om at ovannemnde alternativ vert grundig utgreidd. Radøy kommune ser det som einaste og beste løysing samfunnsøkonomisk og miljømessig, at heile krafttraséen over Radøy vert lagt som jord-/sjøkabel.

31.08.2006 KOMMUNESTYRET

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS-041/06 VEDTAK:

For å få ein så samfunnsnyttig optimal utbygging av ei straumforsyning frå Mongstad til Kollsnes over Radøy, ber Radøy kommune om at ovannemnde alternativ vert grundig utgreidd. Radøy kommune ser det som einaste og beste løysing samfunnsøkonomisk og miljømessig, at heile krafttraséen over Radøy vert lagt som jord-/sjøkabel.